



Fylkesmannen i Hordaland
Utdanningsavdelinga v/ Ingunn Landro Sandset.
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1155 - 15/15022

Saksbehandlar:
Mette Marei Træland
mette.m.traland@meland.kommune.no

Dato:
07.08.2015

Kompetansemidlar 2014 - Rapport frå Meland kommune.

Meland kommune fekk tildelt kr. 91 159,- i kompetansemidlar til barnehagane i 2014.

Rekneskapan for 2014 viser det at av desse midlane er det sett av kr. 73.540,- til fond.

Nordhordland kursregion har arrangert mange kurs for barnehagane i 2014. Alle barnehagane i Meland har fått tilbod om å delta på kurs, og fått melding om at dei kunne få kompetansemidlar til deltakaravgifta. Det var diverre lita påmelding frå dei private barnehagane i 2014, og difor har berre kr.17.610,- av kompetansemidlane vore nytta. Det har heller ikkje kome søknad om støtte til kurs frå barnehagane i høve til andre kurs.

Barnehagane i Meland kommune har om lag 186 tilsette.

Interkommunale kurstilbod:

Fag/område	vår	haust	Deltakarar/ målgr.	Fagleg ansvar
Korleis arbeida med minoritet språklege born i bhg, styrar si rolle i høve til denne utfordringa		1dg	9 Styrarar PPT-tilsette Barnehagefagleg rådgjevar.	Tonje Alvestad Ophus
Arbeid med minoritetspråklege born i bhg		1dg	8	Bergen kommune BEFO
Problemretta veiledning i gruppe		1dg	10 (frå bhg)	NLA
Minoritetspråklege born i bhg		1dg	8	Anne Matic og Siw Fjelldal Felles planleggingdag i nov.
Dokumentasjon i barnehagens pedagogiske kvardag,		1dg	13.	Astrid Manger Felles planleggingdag i nov.

Postadresse
postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt
www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Eg i møte med barnet - om barns heilskaplege utvikling og læring, danning og sjølvbilde!		1dg		Dag Skram HiSH Felles planleggingdag i nov.
Barn som treng noko ekstra		1 dg	3 Tilsette i barnehagane	Cathrine Ask, BroAschehoug Felles planleggingdag i nov.
Kvalitetsarbeid og endringsleiing i barnehagen		1/2dg	10 Frå Meland: Styrarane og barnehagefagleg rådgjevarar.	Conexus Oppstart av etterutdanningsrekkja med oppstart 2015

I tillegg har det vore 10 fagsamlingar for barnehagestyrarane i løpet av året. Her har ein nytta interne krefter i gruppa til å halde kurs.

Kostnadsfrie tiltak:

Lokalt har det vore organisert nettverksamling for barnehagane i høve til arbeidet med ICDP.-foreldreveiledningsprogram.

Alle barnehagane har vore med i nasjonalt satsingsområde «manifest mot mobbing, og jobba med dette temaet i kvar barnehage.

Midlane som er avsett på fond, vil verte nytta i 2015. Fokusområder for bruk av kompetansemidlane er:

- Det er stor deltaking frå barnehagane i Meland på etterutdanninga»» Kvalitetsarbeid og endringsleiing i barnehagen» for styrare og pedleiarar i barnehagane, og arbeidet med denne kunnskapen vil verte forankra lokalt i fagsamling i haust .
- Meland kommune vil nytte midlane til stipend/ vikarutgifter for tilsette i barnehagane som ynskjer å ta utdanning som barnehagelærer, eller assistentar som vil ta praktisbasert BUB utdanning.
- I samband med vidareføring av arbeid mot mobbing, vil det i haust verte arrangert eit felles lokalt kurs, «Grønne tanker, glade barn» for alle tilsette i høve til psykososialt arbeid med barn i barnehagen. Dette vert fulgt opp av etablering av lokalt nettverk melom barnehagane i høve til «Vennsapsprosjekt.» PPT i Meland kommune er samarbeidspartnar i dette arbeidet.
- ICDP veileder -sertifisering av fleire tilsette i barnehagane.
- Kurs i høve til arbeid med språk og fokus på minoritetsspråklege barn.

Med helsing

Ingvild Hjelmtveit
rådmann

Mette Marei Træland
barnehagefagleg rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Fylkesmannen i Hordaland

Utdanningsavdelin 5020
ga v/ Ingunn
Landro Sandset.

BERGEN